

INTERPELLASJON

Kvam Senterparti ynskjer å styrkja lag og organisasjonar i Kvam som taper inntekter på arrangement me dei ekstraordinær løyving på kr.600.000,-.

Beløpet skal finansierast frå Havbruksfondet.

Tildeling skal gjerast etter søknad til administrasjonen, som legg fram sak til Kvam Heradstyre.

I Kvam er me heldige som har eit rikt og aktivt kulturliv. Me har mange veldrivne, og samfunnsutviklende lag og organisasjonar, der mange av våre innbyggjarar legg ned mykje tid og krefter.

Dette er nok det viktigaste limet i vårt sosiale liv. Her vert ein kjent med andre, får utvikla eigne ferdigheiter, får ei meiningsfylt fritid, spreier glede for mange, eller er til hjelp for andre.

Det finst tilbod til alle aldersgrupper, men særstakt viktige er vel dei som gjeld born og ungdom. Me har og mange eldsjeler, både synlege og usynlege. Kor mange timer som vert lagt ned her, er vanskeleg å seia, men når me ser kva som skjer, kva som veks opp av anlegg og ikkje minst kva som vert servert oss av kulturopplevingar, veit me at innsatsen er svært stor.

Kreativiteten er stor, her er arrangement for ein kvar smak. Men mange av desse arrangementa skal gje laga inntekter som dei er heilt avhengige av. Her snakkar me om fleire millionar berre i Kvam.

Me er heldige som har eit svært raust næringsliv, som i normale tider støttar godt opp om våre lag og organisasjonar. Men i desse dagar slit også mange i næringslivet vårt. Permitteringar, mindre omsetnad og sviktande ordrebøker er eit resultatet av Coronakrisa. Bortfall av desse arrangementene gjer også bortfall av inntekter til næringslivet. Dette gjer at det vert vanskeleg for mange å sponsa lokale lag og organisasjonar.

Når dette er over er det viktig at laga våre framleis har økonomi til å驱va vidare. Det er lova støtte både frå regjering, finansinstitusjonar og stiftelsar. Men behovet er stort, og ikkje alle ordningar treff like godt.

Sjølv om aktiviteten er nede, og inntektene forsvinn, er framleis mykje av kostnadane der.

Dette handlar om å rusta seg til tida som kjem.